



OSTERØY KOMMUNE  
RÅDHUSET  
5282 LONEVÅG

Dato: 20.09.2017

Vår ref.: 2014/21474-76

Saksbehandlar: snowaag

Dykkar ref.:

## Fråsegn til forslag til Kommunedelplan for Sjø og strandsone 2017-2027 - Osterøy kommune - 2. gongs høyring.

Hordaland fylkeskommune viser til brev datert 11.04.2017 om offentleg ettersyn av forslag til kommunedelplan for sjø og strandsone 2017-2027, for Osterøy kommune.

Hordaland fylkeskommune har vurdert kommunedelplanen ut i frå fylkeskommunens sektoransvar og målsettingar i regionale planar.

I møte i Utval for kultur, idrett og regional utvikling den 13. september 2017, vart det fatta følgjande vedtak:

1. *Utval for kultur, idrett og regional utvikling* meiner Osterøy kommune har gjort eit grundig arbeid for å avklare heilskapleg og overordna arealbruk i kommunen sitt sjø- og strandsoneareal. Utvalet meiner planforslaget balanserer utfordringar og moglegheiter med vidare utvikling av strandsona i kommunen på ein god måte.
2. *Utval for kultur, idrett og regional utvikling* meiner at etablering av naustområde i omsynssone kulturmiljø for kyrkje, gravlund og kai på Hamre er i strid med nasjonale og regionale kulturminneverdiar.  
Forslag til arealbruk må takast ut av planen eller endrast for å betre sikre nasjonale og regionale kulturminneinteresser. Det er knytt motsegn til dette punktet.
3. *Utval for kultur, idrett og regional utvikling* viser til at avgrensing for omsynsona for mellomalderkyrkjestadene Hosanger, Hamre, Haus og Bruvik ikkje er korrekt. Det er knytt motsegn til dette punktet.
4. *Utval for kultur, idrett og regional utvikling* har særlege kulturminnefaglege merknader til planforslaget for følgjande tiltaksforslag:
  - I. Sentrumsformål Fotlandsvågen – Arealføremål BS 1 i plankart. Utvalet ber om at det vert stilt krav om ein samla reguleringsplan for Fotlandsvåg.
  - II. Småbåthamn i Fotlandsvågen – Arealføremål VS2 i plankart. Utvalet ber om at kommunen på nytt vurderer lokalisering av gjeste- og småbåthamn i Fotlandsvåg, då kommunen sitt forslag er i konflikt med kulturminne og landskapsomsyn.
  - III. Akvakulturanlegg på Blom – Arealføremål VA3 i plankart. Utvalet ber om at føresegn 6.12. vert endra til «Anlegget på Blom skal ta særleg omsyn til kulturmiljøet og

nærliggende område (PBL §11-9, nr.6».

- IV. Naust ved Hosanger kyrkjested – Arealføremål BAB30 i plankart. Området ligg innafor omsynssone kulturmiljø og ligg tett på Hosanger kyrkjested og mellomalderkyrkjegården. Utvalet er negativ til etablering av nytt naust då dette kan verke skjemmande på kulturmiljøet.
5. *Utval for kultur, idrett og regional utvikling* meiner at det er ein utfordrande balansegang mellom tilrettelegging for akvakulturinteresser og omsynet til berekraftig samfunnsutvikling. Osterøy kommune ønskjer med planforslaget å svare på nasjonale forventningar om kommunal planlegging som legg vekt på berekraftig og miljøvenleg utvikling. Utvalet meiner likevel at dagens akvakulturinteresser i for liten grad er ivaretatt i høve til bruk av føresegner til akvakulturområde for Blom og Skaftå.
- I. Føresegn 6.10 knytt til utslepp må endrast. Ein må tydleg sitere til at punktet gjeld ved vesentlege endringar på dei nemnde lokalitetane. (Skaftå og Blom), og ikkje vil gjelde for dagens drift.
  - II. Føresegn knytt til utslepp frå akvakulturområda ved Viknabukta, Øyjordsvika og Heldal kan utfordre framtidige akvakulturinteresser i kommunen. Kommunen sitt overordna fokus på bærekraft vert likevel vurdert som så viktig at utvalet ønskjer å støtte kommunen sitt planforslag.
6. *Utval for kultur, idrett og regional utvikling* har særlege merknader når det gjeld akvakultur:
- I. Det bør gjerast unntak i føresegn for at det på akvakulturanlegg kan gjerast alle typar endringar utan krav om reguleringsplan.
  - II. Det bør takast inn ei føresegn som sikrar utlegging av fortøyinger i fleirbruksområde utan akvakultur.

Protokoll og saksframlegg er vedlagt.

Eva Katrine R. Taule  
Fagleiar communal plan

Snorre Waage  
Spesialrådgjevar

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.*

Kopi til:  
FYLKESMANNEN I HORDALAND  
Statens vegvesen - Region Vest

Arkivnr: 2014/21474-66

Saksbehandlar: Snorre Waage

**Saksframlegg****Saksgang**

Utvål	Saknr.	Møtedato
Utvål for kultur, idrett og regional utvikling	91/17	20.06.2017
Utvål for kultur, idrett og regional utvikling	107/17	13.09.2017

**Fråsegn til forslag til Kommunedelplan for Sjø og strandsone 2017-2027 - Osterøy kommune - 2. gongs høyring.****Samandrag**

Kommunedelplan for sjø og strandsone er no på 2. gongs høyring. Utval for kultur, idrett og regional utvikling handsama fråsegn til 1. gangs høyring 10.05.2016.

Det vart då fremja motsegn frå Hordland fylkeskommune med bakgrunn i kulturminne og akvakultur. Det har vore påfølgande dialogmøter og synfaring med kommunen, samt meklingsmøte angående motsegnspunkt for akvakultur hjå fylkesmannen i januar 2017. Etter meklinga er planframlegget lagt ut til 2. gongs høyring.

Det har kome nokre nye innspel og endringar i 2. gongs planforslag, men hovudvekta av dei overordna føringane ligg fast. Føremålet med planarbeidet er å få på plass eit styringsverktøy for arealforvaltninga i sjø og for strandsona. Planen gjev eit tydeleg oversyn over Osterøy kommune sine utfordringar, interesser og status knytt til sjø og strandsoneforvaltning. Rådmannen meiner Osterøy kommune har gjort eit grundig arbeid for å avklare heilskapleg og overordna arealbruk i planforslaget, mellom anna gjennom fokus på funksjonell strandsone som verktøy for strandsoneforvaltninga. Også i 2. gongs høyringsrunde er det til akvakultur og kulturminne fylkeskommunen har særlege merknader.

Å legge til rette for ei berekraftig havbruksnæring er ei viktig forvalningsoppgåve for Hordaland fylkeskommune. Fylkesrådmannen har vurdert planframlegget frå både eit akvakulturfagleg og planfagleg ståsted. Det er rådmannen si oppfatning at kommunen med utgangspunkt i dei nasjonale forventningane til kommunal planlegging baserer sitt planforslag på prinsippa om berekraftig utvikling samstundes som dei skal legge til rette for tilstrekkeleg med areal for akvakultur. Føresegna om at det skal vera minimalt til ingen utslepp av organiske partiklar til resipienten er utfordrande ut ifrå sektorlovverket og plan- og bygningslova. Særleg krevjande er dette i høve til eksisterande verksemder. Det er difor rådd til motsegn til føresegna knytt til dei eksisterande akvakulturområda Skaftå og Blom. I tillegg er det akvakulturfaglege merknader knytt til ny vurdering av reguleringsplankrav for akvakulturlokalitetar og føresegn til fleirbruksområde utanfor akvakulturområda.

Etablering av naustområde i omsynssona knytt til Hamre kyrke er i strid med nasjonale og regionale kulturminneverdiar, og det vert rådd til motsegn på dette punktet. Avgrensing av omsynssone H730 i plankartet er ikkje korrekt for mellomalderkyrkjestadene Hosanger, Hamre, Haus og Bruvik. Dette må rettes opp slik at avgrensing av omsynssona i plankartet samsvarer med den nasjonale kulturminnedatabasen Askeladden. Det vert rådd til motsegn til dette punktet.

## Forslag til vedtak

1. *Utval for kultur, idrett og regional utvikling* meiner Osterøy kommune har gjort eit grundig arbeid for å avklare heilskapleg og overordna arealbruk i kommunen sitt sjø- og strandsoneareal. Utvalet meiner planforslaget balanserer utfordringar og moglegheiter med vidare utvikling av strandsona i kommunen på ein god måte.
2. *Utval for kultur, idrett og regional utvikling* meiner at etablering av naustområde i omsynssone kulturmiljø for kyrkje, gravlund og kai på Hamre er i strid med nasjonale og regionale kulturminneverdiar.

Forslag til arealbruk må takast ut av planen eller endrast for å betre sikre nasjonale og regionale kulturminneinteresser. Det er knytt motsegn til dette punktet.

3. *Utval for kultur, idrett og regional utvikling* viser til at avgrensing for omsynssona for mellomalderkyrkjestadene Hosanger, Hamre, Haus og Bruvik ikkje er korrekt. Det er knytt motsegn til dette punktet.
4. *Utval for kultur, idrett og regional utvikling* har særlege kulturminnefaglege merknader til planforslaget for følgjande tiltaksforslag:
  - V. Sentrumsformål Fotlandsvågen – Arealføremål BS 1 i plankart. Utvalet ber om at det vert stilt krav om ein samla reguleringsplan for Fotlandsvåg.
  - VI. Småbåthamn i Fotlandsvågen – Arealføremål VS2 i plankart. Utvalet ber om at kommunen på nytt vurderer lokalisering av gjeste- og småbåthamn i Fotlandsvåg, då kommunen sitt forslag er i konflikt med kulturminne og landskapsomsyn.
  - VII. Akvakulturanlegg på Blom – Arealføremål VA3 i plankart. Utvalet ber om at føresegn 6.12. vert endra til «Anlegget på Blom skal ta særleg omsyn til kulturmiljøet og nærliggande område (PBL §11-9, nr.6».
  - VIII. Naust ved Hosanger kyrkjested – Arealføremål BAB30 i plankart. Området ligg innafor omsynssone kulturmiljø og ligg tett på Hosanger kyrkjested og mellomalderkyrkjegarden. Utvalet er negativ til etablering av nytt naust då dette kan verke skjemmande på kulturmiljøet.
5. *Utval for kultur, idrett og regional utvikling* meiner at det er ein utfordrande balansegang mellom tilrettelegging for akvakulturinteresser og omsynet til berekraftig samfunnsutvikling. Osterøy kommune ønskjer med planforslaget å svare på nasjonale forventningar om kommunal planlegging som legg vekt på berekraftig og miljøvenleg utvikling. Utvalet meiner likevel at dagens akvakulturinteresser i for liten grad er ivaretatt i høve til bruk av føresegner til akvakulturområde for Blom og Skaftå. Det er knytt motsegn til punkt I:
  - III. Føresegn knytt til utslepp frå akvakulturområda ved Skaftå og Blom vert teke ut av planen, då det i stor grad vil utfordre framtidig akvakulturaktivitet innafor dagens rammar og tilgjengelege teknologiske løysingar.
  - IV. Føresegn knytt til utslepp frå akvakulturområda ved Viknabukta, Øyjordsvika og Heldal kan utfordre framtidige akvakulturinteresser i kommunen. Kommunen sitt overordna fokus på bærekraft vert likevel vurdert som så viktig at utvalet ønskjer å støtte kommunen sitt planforslag.

6. *Utval for kultur, idrett og regional utvikling* har særlege merknader når det gjeld akvakultur:

- III. Det bør gjerast unntak i føresegn for at det på akvakulturanlegg kan gjerast alle typar endringar utan krav om reguleringsplan.
- IV. Det bør takast inn ei føresegn som sikrar utlegging av fortøyinger i fleirbruksområde utan akvakultur.

#### **Saksprotokoll i utval for kultur, idrett og regional utvikling - 20.06.2017**

**Kjell Håland (A)** sette fram slikt forslag til vedtak på vegner av eit samla utval:

«Saka vert utsett til møte i Utval for Kultur, idrett og regional utvikling i september. Utvalet ber administrasjonen leggje til rette for synfaring der partane vert invitert til å delta.»

Det var 12 representantar til stades.

#### **Røysting**

Håland sitt forslag vart samrøystes vedteke.

#### **Vedtak**

Saka vert utsett til møte i Utval for Kultur, idrett og regional utvikling i september. Utvalet ber administrasjonen leggje til rette for synfaring der partane vert invitert til å delta.

#### **Saksprotokoll i utval for kultur, idrett og regional utvikling - 13.09.2017**

**Kjell Håland (A)** sette fram slikt forslag på vegner av A, Krf og Sp:

«Pkt.5 – siste setning *Det er knytt motsegn til pkt. I* går ut.  
Nytt pkt. I. Føresegn 6.10 knytt til utslepp må endrast. Ein må tydleg sitere til at punktet gjeld ved vesentlege endringar på dei nemnde lokalitetane. (Skaftå og Blom), og ikkje vil gjelde for dagens drift.»

**Sigbjørn Framnes (Frp)** sette fram slikt forslag til vedtak på vegner av Frp, H og V:

«Pkt. 2 utgår.»

#### **Røysting**

Fylkesrådmannen sitt forslag til pkt 1, 3, 4 og 6 vart samrøystes vedteke.

Fylkesrådmannen sitt forslag til pkt 2 fekk 7 røyster (A, Krf og Sp) mot Framnes sitt forslag som fall.

Håland sitt forslag fart samrøystes vedteke.

#### **Vedtak**

1. *Utval for kultur, idrett og regional utvikling* meiner Osterøy kommune har gjort eit grundig arbeid for å avklare heilskapleg og overordna arealbruk i kommunen sitt sjø- og strandsoneareal. Utvalet meiner planforslaget balanserer utfordringar og moglegheiter med vidare utvikling av strandsona i kommunen på ein god måte.

2. *Utval for kultur, idrett og regional utvikling* meiner at etablering av naustområde i omsynssone kulturmiljø for kyrkje, gravlund og kai på Hamre er i strid med nasjonale og regionale kulturminneverdiar.

Forslag til arealbruk må takast ut av planen eller endrast for å betre sikre nasjonale og regionale kulturminneinteresser. Det er knytt motsegn til dette punktet.

3. *Utval for kultur, idrett og regional utvikling* viser til at avgrensing for omsynssona for mellomalderkyrkjestadene Hosanger, Hamre, Haus og Bruvik ikkje er korrekt. Det er knytt motsegn til dette punktet.
4. *Utval for kultur, idrett og regional utvikling* har særlege kulturminnefaglege merknader til planforslaget for følgjande tiltaksforslag:

- IX. Sentrumsformål Fotlandsvågen – Arealføremål BS 1 i plankart. Utvalet ber om at det vert stilt krav om ein samla reguleringsplan for Fotlandsvåg.
- X. Småbåthamn i Fotlandsvågen – Arealføremål VS2 i plankart. Utvalet ber om at kommunen på nytt vurderer lokalisering av gjeste- og småbåthamn i Fotlandsvåg, då kommunen sitt forslag er i konflikt med kulturminne og landskapsomsyn.
- XI. Akvakulturanlegg på Blom – Arealføremål VA3 i plankart. Utvalet ber om at føresegn 6.12. vert endra til «Anlegget på Blom skal ta særleg omsyn til kulturmiljøet og nærliggande område (PBL §11-9, nr.6».
- XII. Naust ved Hosanger kyrkjested – Arealføremål BAB30 i plankart. Området ligg innafor omsynssone kulturmiljø og ligg tett på Hosanger kyrkjested og mellomalderkyrkjegarden. Utvalet er negativ til etablering av nytt naust då dette kan verke skjemmande på kulturmiljøet.

5. *Utval for kultur, idrett og regional utvikling* meiner at det er ein utfordrande balansegang mellom tilrettelegging for akvakulturinteresser og omsynet til berekraftig samfunnsutvikling. Osterøy kommune ønskjer med planforslaget å svare på nasjonale forventningar om kommunal planlegging som legg vekt på berekraftig og miljøvenleg utvikling. Utvalet meiner likevel at dagens akvakulturinteresser i for liten grad er ivaretatt i høve til bruk av føresegner til akvakulturområde for Blom og Skaftå.

- V. Føresegn 6.10 knytt til utslepp må endrast. Ein må tydleg sitere til at punktet gjeld ved vesentlege endringar på dei nemnde lokalitetane. (Skaftå og Blom), og ikkje vil gjelde for dagens drift.
- VI. Føresegn knytt til utslepp frå akvakulturområda ved Viknabukta, Øyjordsvika og Heldal kan utfordre framtidige akvakulturinteresser i kommunen. Kommunen sitt overordna fokus på bærekraft vert likevel vurdert som så viktig at utvalet ønskjer å støtte kommunen sitt planforslag.

6. *Utval for kultur, idrett og regional utvikling* har særlege merknader når det gjeld akvakultur:

- V. Det bør gjerast unntak i føresegn for at det på akvakulturanlegg kan gjerast alle typar endringar utan krav om reguleringsplan.
- VI. Det bør takast inn ei føresegn som sikrar utlegging av fortøyinger i fleirbruksområde utan akvakultur.

Rune Haugsdal  
fylkesrådmann

Bård Sandal  
regionaldirektør

*Dokumentet er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.*

Vedlegg

- 1 Osterøy kommune\_Planskildring
- 2 Osterøy kommune\_Føresegn
- 3 Osterøy kommune\_Plankart
- 4 Osterøy kommune\_Konsekvensutgreiing
- 5 Referat\_Meklingsmøte 05.01.2017
- 6 Kommentarar frå Riksantikvaren til 2. gongs høyring

**Fylkesrådmannen, 12.05.2017**

## 1. Bakgrunn

Osterøy kommune har sendt kommunedelplan for sjø og strandsone 2017-2027 på høyring med frist 02. juni 2017. Fylkeskommunen har fått utsett frist grunna politisk handsaming til 28.06.2017. Hordaland fylkeskommune vurderer planen ut i frå fylkeskommunens sektoransvar og målsettingar i regionale planar. Utval for kultur, idrett og regional utvikling kan gje fråsegn og fremje motsegn til planen dersom viktige regionale og nasjonale interesser står på spel.

Når motsegn blir fremma må kommunen endre planen, som regel etter å ha drøfta problemstillingar og løysingar i møte med fylkeskommunen. Dei fleste motsegnene blir avklart i møte med kommunen, men dersom det ikkje blir semje, vil planen gå til mekling hos Fylkesmannen i Hordaland.

Dersom faglege tilrådingar om motsegn på bakgrunn av nasjonale kulturminneinteresser ikkje vert fylgt opp av politiske organ i fylkeskommunen, skal fylkeskommunen gje melding om dette til Riksantikvaren som kan fremja motsegn i saka. (jf. Forskrift til Kulturminnelova kap. 1, § 3)

Fylkeskommunen må ta atterhald om alle byggeområde i planen til undersøkingsplikta etter § 9 i kulturminnelova er oppfylt. Dette gjeld både land og sjøområde.

### 1.1 Planprosess og medverknad

Prosessen rundt planarbeidet har vore omfattande, med deltaking frå mellom anna kommunen, fylkeskommunen og fylkesmannen. Kommunedelplanen er no på 2. gongs høyring.

Hordaland fylkeskommune har gitt fråsegn til første planforslag i brev av 12.05.2016, etter handsaming i møte i utval for kultur, idrett og regional utvikling. Det vart då fremja motsegn med bakgrunn i kulturminne og akvakultur.

I møte i Utval for kultur, idrett og regional utvikling den 10. mai 2016, vart det fatta følgjande vedtak:

1. Utval for kultur, idrett og regional utvikling meiner Osterøy kommune har gjort eit grundig arbeid for å avklare heilskapleg og overordna arealbruk i forslag til kommunedelplan for sjø- og strandsone, mellom anna gjennom kartlegging og bruk av funksjonell strandsone som verktøy i forvaltninga av strandsona i kommunen. Det er positivt at kommunen har satsa på fellesløysingar som sikrar ålmenta tilgang til sjø- og strandsona.
2. Utval for kultur, idrett og regional utvikling meiner at forslag til kommunedelplan for sjø- og strandsone er i strid med nasjonale og regionale kulturminneverdiar når det gjeld utviding av Hosanger kyrkjegard.

Forslag til arealbruk må takast ut av planen eller endrast for å betre sikre nasjonale og regionale kulturminneinteresser. Forslaget må endrast til ein arealbruk som ikkje er i strid med kulturminnelova. Det er knytt motsegn til dette punktet.

3. Utval for kultur, idrett og regional utvikling har særlege merknader når det gjeld kulturminne:

I. Generelle føresegner for omsynsoner H570 og H730 vist i saksframleggget vert tatt inn i planframleggget ved endeleg godkjenning.  
II. Hordaland fylkeskommune viser til at undersøkingsplikta etter § 9 i kulturminneloven ikkje er oppfylt. Tiltak i samband med utarbeiding av reguleringsplan eller ved søknad om tiltak må dette vera avklart jf kulturminnelova. Dersom det vert avdekt konflikt med automatisk freda kulturminne, må tiltak justerast eller eventuelt leggast fram for Riksantikvaren som

*rette dispensasjonsmynde.*

III. Omsynssona for Hosanger kyrkjestad (H570\_6) og bygningsmiljøet i Mjøsvågen (H570\_75) bør regulerast til ei samla omsynssone med føremål vern.

IV. Kulturmiljøfredinga av Havråtunet er sårbar for tiltak i nærmiljøet. Hordaland fylkeskommune ser det som positivt at planen opnar for at oppdrettsanlegget på Blom vert flytta. Ei utviding av akvakultur på Blom vil derimot verka negativt inn på kulturmiljøet.

4. Utval for kultur, idrett og regional utvikling meiner akvakultur i for liten grad er ivaretatt i planframlegget frå Osterøy kommune, særlig i høve til reduksjon av areal avsett til akvakultur. Det er knytt motsegn på følgjande punkt:

- Det må sikrast tilfredsstillende erstatningsareal for dagens akvakulturproduksjon på Blom.
- Akvakulturområde ved Litleteithola må sikrast tilstrekkeleg areal og tilpassast ved rekefeltet ved Litleteithola slik at fortøyningane frå anlegget kan plasserast på ein forsvarleg måte.
- Føresegn knytt til utslepp frå anlegg ved Skaftå vert teke ut av planen sidan dette er forhold som vert regulert i anna lovverk, og vil slik det ligg føre ikkje mogeleggjere framtidig akvakulturaktivitet.

5. Utval for kultur, idrett og regional utvikling har særlege merknader når det gjeld akvakultur:
 

- Det bør ikkje stillast generelt krav om reguleringsplan for alle akvakulturanlegg i kommunen.
- Nokre av dei ledige akvakulturområda bør vidareførast.
- Det bør takast inn ei føresegn som sikrar utlegging av fortøyningar i fleirbruksområde utafor akvakulturområda.

Etter første gongs høyring har det vore påfølgande dialogmøter og synfaring med kommunen. Det vart gjennomført meklingsmøte hjå fylkesmannen 05.01.2017. Referatet frå dette meklingsmøtet vart vedlagt meldingssak til utval for kultur, idrett og regional utvikling i møte den 15.02.2017, jf. arkivsak 2014/21474-53. Meklinga førte ikkje fram, men då det allereie var beslutta at saka skulle på ny høyringsrunde, vart det bestemt at saka ikkje skulle oversendast kommunal- og moderniseringsdepartementet for endeleg avgjersle på dette tidspunkt.

Etter første gongs høyring har Osterøy kommune vore i planforum og drøfta utkast til kommunedelplan for sjø og strandsone 29. november 2016.

## 2. Innhald i planen

### Planomtale.

Føremålet med planarbeidet er å få på plass eit godt styringsverktøy for arealforvaltninga i sjø og for strandsona. Kommunen ønskjer å sikre innbyggjarar og andre tilgang til rekreasjonsområde i strandsona og i sjø, ivareta viktige naturverdiar og legge til rette for ei hensiktsmessig næringsutvikling. Planen skal sikre ein overordna og heilskapleg arealavklaring for sjø og strandsona. Det er til saman kome inn 87 innspel som omfattar arealendringar. Samla sett vert i gjennom 2. gongs høyring lagt til rette for 52 arealendringar i strandsona og fleire endringar i sjø i ulike føremål i planen. Dei fleste av desse er knytt til eksisterande bygningsmasse og/eller infrastruktur og fortetting og utviding av desse. Av desse er det 16 naustområde, 17 område for brygge/kai, 5 område knytt til bustad- og fritidsbustadområde, 7 stadfesting av eksisterande og mindre utviding av småbåthamner og 13 fri- og friluftsområde.

Kommunen slår fast at føremålet med planen ikkje er knytt til etablering av bustadområde og fritidsbustad. I planprogrammet er det stadfesta at ei av målsettingane er at: «Nye bustad eller fritidsbustadområde bør ikkje etablerast innan funksjonell strandsone». Det er difor heller ikkje opna for nye bustad- eller fritidsbustadområde. Det er imidlertid lagt inn nokre korrekjonar i høve til eksisterande arealbruk.

Det er gjennomført ei kartlegging av verdiane i strandsona, som omfattar mellom anna friluftsliv, landskap,

naturmangfold og kulturminne. På bakgrunn av kartlegginga er den lokalt avgrensa strandsona fastsett, kalla funksjonell strandsone. Dette dannar grunnlag for fastsetting av ny byggjegrense mot sjø som skal erstatte 100 m byggjegrense (fastsett i plan- og bygningsloven for alle område som grensar til sjø der anna byggjegrense ikkje er sett).

Kommunen har sjølv kome med innspel til endra arealbruk i planen. Dette gjeld til dømes utlegging av område som er nytta til friluftsliv til fri- eller friluftsområde og utviding av gravplass ved Bruvik og Hosanger kyrkje. Kommunen har i tillegg endra arealføremål på areal slik at det er i samsvar med gjeldande bruk. Dette gjeld til dømes enkelte naustområde, bustadområde og næringsområde.

Planområdet omfattar etter ny oppstartsmelding heile kommunen sitt areal. Det er berre opna for innspel om arealendringar frå kommunegrensa i sjø til kartlagt funksjonell strandsone på land. Enkelte omsynssoner, som til dømes, faresone for flaum langs vassdrag, vil gå ut over dette ettersom det ikkje vil vere hensiktsmessig å avgrense desse sonene. For kommunen er det viktig å synleggjere potensiell auka risiko for uønska hendingar knytt til endringar i klima. Dette er viktig å synleggjere for kommunen si framtidige forvaltning av areal.

#### Plankart og føresegner

Nytt plankart og føresegner vert gjeldande for heile kommunen sitt areal.

#### Konsekvensutgreiing

Konsekvensar av arealendring og risiko og sårbaranalyse er utført for alle arealinnspele. Kommunen opna for innspel frå alle innbyggjarar og andre interesserte i ein open innspe尔斯runde. Det er til saman kome inn 87 innspele som omfattar arealendringar. Samla sett vert det lagt til rette for 52 arealendringar i strandsona og fleire endringar i sjø i ulike føremål i planen.

Vurderingane skal vera både på eit overordna nivå og på eit detaljert nivå for kvart enkelt tiltak. Vurderinga omfattar både konsekvensar på miljø og samfunn, og ei risiko og sårbarhetsanalyse (ROS). Det er fylkesrådmannen si oppfatning at kommunen har gjort eit grundig arbeid gjennom konsekvensutgreiinga for planforslaget.

## **3. Vurdering av regionale interesser**

Planforslaget er no på 2. gongs høyring, og fylkeskommunen hadde ein grundig handsaming av føre planforslag. Det er nokre nye innspele og endringar i 2. gongs planforslag, men dei overordna føringane ligg fast. Fylkeskommunen sitt fråsegn til 2. gongs høyring viser til tidlegare uttale i saka, og retter her merksemda på dei områda som er i direkte konflikt med regionale interesser og som det har vore særleg interesse knytt til gjennom heile planprosessen, nemleg akvakulturinteresser og kulturminneinteresser.

### **3.1 Generelt om planen**

Osterøy kommune gjer gjennom sitt forslag til kommunedelplan for sjø- og strandsone ein grundig gjennomgang av sine sjø- og sjønære areal. Gjennom planforslaget vert det tydeleg at arealet knytt til strandsona er attraktive for både utbygging og allmenn ferdsel og fritidsbruk. Det er vår meining at planforslaget balanserer utfordringar og moglegheiter med vidare utvikling av strandsona i kommunen på ein god måte. Kommunen har gått grundig til verks i sin utarbeiding av planforslaget, og fylkesrådmannen meiner det er eit godt fagleg fundert planforslag.

Prosessens rundt planarbeidet har vore omfattande med deltaking frå mellom anna kommunen, fylkeskommunen og fylkesmannen. Kommunen har nytta seg av planforum tre gonger i planprosessen, og har gjennomført fleire synfaringar med regionalt nivå. Dette bedreg til å styrke dialogen mellom forvaltningsnivåa.

### **3.2 Landskap**

All utbygging har verknad på landskapet og fjernverknader av tiltak i strandsona kan få særleg store konsekvensar grunna lange siktlinjer. Generelt meiner vi at kommunen i sitt planforslag i hovudsak har ilagt

landskapsverdiar grundig vekt i vurdering av innspel til kommunedelplanen. Der konsekvensutgreiinga synleggjer at tiltak kan gje negative konsekvensar for landskap, er landskapsinteressene vekta opp mot andre samfunns- og naturinteresser på ein god måte, som fylkeskommunen i all hovudsak er samd med. I fleire tilfelle er tiltaka ikkje tilrådd mellom anna med bakgrunn i negative konsekvensar for landskapsbiletet.

Fylkesrådmannen ønskjer likevel å trekke frem eit forslag til tiltak som vi rår til at vert endra før endelig vedtak (jf. forslag til vedtakspunkt 4, II). Dette gjeld for småbåthamn og gjestehamn i Fotlandsvåg (arealføremål VS2 i plankart). Det har her vore vurdert fire forskjellege alternativ for lokalisering av småbåthamn. Konsekvensutgreiinga er tydeleg i sin anbefaling av lokalisering, og at det valte alternativ i planforslaget, alternativ 1, har stor negativ konsekvens for mellom anna landskapsbiletet. Lokalisering av småbåthamn/gjestehamn i Fotlandsvåg vart også diskutert i planforum 29.11.2016, der det mellom anna kom til uttrykk at det var «klart konfliktfylt» med småbåthamn innerst i Fotlandsvågen (det valde alternativ 1). Fylkesrådmannen si oppmading er å skilje småbåthamn og gjestehamn, der gjestehamn kan lokaliseraast nær sentrum, medan småbåthamna vert flytta lenger ut der den er i mindre konflikt med landskap og kulturmiljø. Fylkesrådmannen ber om at kommunen på nytt vurderer lokalisering av småbåthamn i Fotlandsvåg.

### 3.3 Akvakultur

Hordaland fylkeskommune hadde følgjande motseigner og merknader i høve akvakultur ved fyrste gongs høyring av kommunedelplan for sjø og strandsone i Osterøy:

*Utval for kultur, idrett og regional utvikling meiner akvakultur i for liten grad er ivaretatt i planframleggget frå Osterøy kommune, særleg i høve til reduksjon av areal avsatt til akvakultur. Det er knytt motsegn på følgjande punkt:*

- Det må sikrast tilfredsstillande erstatningsareal for dagens akvakulturproduksjon på Blom.
- Akvakulturområde ved Litleveithola må sikrast tilstrekkeleg areal og tilpassast ved rekefeltet ved Litleveithola slik at fortøyingane frå anlegget kan plasserast på ein forsvarleg måte.
- Føresegn knytt til utslepp frå anlegg ved Skaftå vert teke ut av planen sidan dette er forhold som vert regulert i anna lovverk, og vil slik det ligg føre ikkje mogeleggjere framtidig akvakulturaktivitet.

*Utval for kultur, idrett og regional utvikling har særlege merknader når det gjeld akvakultur:*

- Det bør ikkje stillast generelt krav om reguleringsplan for alle akvakulturanlegg i kommunen.
- Nokre av dei ledige akvakulturområda bør vidareførast.
- Det bør takast inn ei føresegn som sikrar utlegging av fortøyinger i fleirbruksområde utafor akvakulturområda.

Vidare viser vi til utdjuping av desse punkta i Hordaland fylkeskommune sin uttale av 12.05.2016. I det vidare vil vi kommentere endringar som er gjort sidan fyrste gongs høyring.

### Endringar i plankartet

Akvakulturområde ved lokaliteten Blom er teke inn att i plankartet. Arealet er tilnærma likt det som ligg inne i gjeldande plan, men er avkorta noko mot land, og mot vest og aust. Dette tyder at anleggseigar kan skifte ut anleggdelar og fortøyinger på det eksisterande anlegget, og det er muleg å skifte ut anlegget innanfor akvakulturområdet. Lokaliteten er godkjent for eit kompakt stålanlegg. For å kunne skifte til eit plastringanlegg burde akvakulturområde vore større. Sidan akvakulturområdet er teke inn att i planen er det ikkje lenger grunnlag for motsegn på dette punktet.

Akvakulturområde ved den tidlegare lokaliteten Viknabukta er teke inn att i plankartet. Delar av fortøyingsarealet mot land er trekt ut frå land.

Ved den godkjente lokaliteten Litleveithola er akvakulturområde justert slik at det klarerte akvakulturanlegg ligg innanfor akvakulturområde, og fortøyingane ligg i areal for oppankring. Med desse endringane er våre

krav tilfredstilt, og motsegna fell bort. Mellom godkjente ankerfeste mot vest og kommunegrensa til Bergen kommune er det avsett eit areal for reketrålfelt som er berre nokre meter breit. Dette arealet bør vurderast å inngå i muleg fortøyingsareal for anlegg.

Akvakulturområde ved den tidlegare lokaliteten Øyjordsvika er teke inn att i plankartet, og justert sørover og ut frå bukta, samt trekt lenger utfrå land, samt at fortøyingsarealet er trekt ut frå land. Avstanden mellom dette akvakulturområde og akvakulturområde for det godkjente anlegget ved Angelskår er 750 meter. Den tidlegare lokaliteten Øyjordsvika vart trekt tilbake så seint som 15.08.2016. Bakgrunnen var at denne produksjonskapasiteten vart flytta til lokalitet Tepstad som vart utvida med tilsvarende produksjonskapasitet. Dette vart mellom anna gjort for å auke avstanden mellom lokalitetane i området. Det vart den gongen lagt vekt på at biomassen i området ikkje skulle auke, og at det ville vera ein fordel å ha færre lokalitar med større avstand mellom potensielle smittekjelder. Med denne bakgrunnen rår vi til at akvakulturområdet ved Øyjordsvika vert fjerna frå plankartet.

For fleire av akvakulturområda er det kombinerte føremålet der det er tillete med fortøyinger trekt ut frå land av omsyn til fiske frå land. For fleirtalet av akvakulturområda vil det vera store djupner tett på land. Ein konsekvens av dette endringsframlegget kan gjere det meir komplisert og dyrare å fortøye anlegg mot land då boltar må borast på store djupner. Vi kan ikkje sjå at område for fortøyinger i særleg grad er i konflikt med fiske frå land.

## **Endringar føresegnene**

### Kravet om reguleringsplan

Kravet om reguleringsplan for alle akvakulturområde vart i hovudsak oppretthalde, men det er gjort unnatak i føresegn for at det på eksisterande lokalitar kan gjerast mindre endringar utan krav om reguleringsplan.

Sjølv om kommunen har heimel til å krevje reguleringsplan for akvakulturanlegg, ser vi det som lite hensiktsmessig med reguleringsplan for akvakultur i sjøområda.

Vi meiner rammevilkår for arealbruk vart tilstrekkelig utgreidd gjennom kommunen sin arealplan i kombinasjon med handsaminga av akvakultursøknad. Dette er flytande anlegg og dynamikken og utviklinga i næringa vil i større grad sette krav til fleksible planløysingar samanlikna med arealplanlegging på land. Ytterleg krav til regulering av arealbruk innafor akvakulturområda vil sette næringa tilbake med omsyn å ta i bruk ny teknologi og følgje den dynamikken som pregar akvakulturnæringa.

Frå eit havbruksfagleg perspektiv kan vi ikkje sjå at det er forhold som treng avklaring i ein reguleringsplan som ikkje òg vil vera tema i handsaminga etter akvakulturlova. Det er soleis mest hensiktsmessig å gjere ei samla handsaming etter akvakulturlova. Dette heng og saman med behovet for ein rask og effektiv sakshandsamingsprosess for akvakultur. Næringa er dynamisk, og rammebetingelsane kan endrast raskt. Tidsaspektet for søknadsbehandling kan vere ein flaskehals dersom det er behov for flytting/utviding/nye lokalitar som middel for å oppfylle nye krav. Å få ned tida det tar å få handsama søknader er eit viktig mål, også for sentrale myndigheter. Det er derfor vedteke ei eiga tidsfristforskrift for handsaming av akvakultursøknader der det er bestemt at det ikkje skal gå meir enn 22 veker å handsame ein komplett søknad. Bruk av reguleringsplan vil truleg auke tida kraftig for tiltakshavar å få klarert ein akvakulturlokalitet.

Slik det er formulert med unnatak for mindre endringar vil dette redusere forutsigbarheita til planen då det ikkje er kjent på førehand kva mindre endringar er. Fylkesrådmannen rår til at det bør gjerast unnatak i føresegn for at det på alle akvakulturanlegg kan gjerast endringar utan krav om reguleringsplan.

### Minimalt til ingen utslepp av organiske partiklar til resipienten

Føresegsna for akvakulturområde ved Skaftå om at det ikkje skal vera utslepp av organiske partiklar til sjø er vidareført med ei mindre endring slik at det no skal vera minimalt til ingen utslepp av organiske partiklar til resipienten. I dette planframlegget gjeld denne føresegsna også for akvakulturområda ved Blom, Viknabukta, Øyjordsvika og Heldal (Lokalitet Heldal ligg ikkje i plankartet). Kravet i denne føresegsna er soleis utvida til å gjelde fleire akvakulturområde i denne høyringa.

Hordaland fylkeskommune fremma motsegn mot denne føresegna ved første høyring av planen.

Grunngjeving for motsegna kan oppsummerast slik:

I uttalen var Hordaland fylkeskommune samd i Osterøy kommune si vurdering at indre delar av Sørkjorden er sårbar og at framtidig arealbruk må være berekraftig og ivareta naturmiljøet. Det vart vist til at næringa har etter pålegg frå regionale styremakter har sett i verk tiltak for å redusera utslepp av organiske partiklar, samt etablert eit overvakingsprogram for å sjå på endringar over fleire år. Vidare har fylkesmannen pålagd oppdrettselskapa som har anlegg ved Blom og Skaftå å gjennomføre tiltak som betrar miljøkvaliteten. Det vart påpeika at framlegget om lukka anlegg lar seg vanskeleg gjennomføre i praksis på grunn av at det i dag ikkje er tilgjengeleg teknologi som kan overta den matproduksjonen som er i området. Ein konsekvens kan verte nedlegging av matproduksjon og arbeidsplassar. Det var Fylkesrådmannen si oppfatning at Osterøy kommune her gjekk for langt i å krevja at det ikkje skal vere utslepp av organiske partiklar til recipienten. Det vart vist til at kommunen ikkje kan gje føresegner for drift av oppdrettsanlegg då tilsyn med akvakultur er tillagt fagmyndighet. Utslepp av organiske partiklar i form av feces og spillfôr fell inn under forureiningslova forvalta av fylkesmannen og utslepp av lakselus høyre inn under Mattilsynet sitt ansvarsområde. Vidare har ikkje kommunen høve til å sette føresegner som stiller spesifikke krav til driftsmetodar og teknologi, då dette kjem innunder akvakulturlova, matlova og forureiningslova sitt myndighetsområde. I §11-9, nr.6 kan kommunen gje generelle føresegner om miljøkvalitet, natur, landskap og grønstruktur, ikkje detaljerte reglar for utslepp av organiske partiklar.

Miljøkonsekvensane av akvakultur vert handsama grundig i arbeidet med lokalitetsgodkjenninger etter akvakulturlova. Her er alle relevante myndigheter involvert, og tildeling vert vurdert ut frå planlagt drift, biomasse og antatt risiko for naturmiljøet. I tildelinga kan det settast vilkår slik at miljøbelastninga blir minst muleg. Alle mulege og potensielle påverknader på det omkringliggjande naturmiljø frå eventuell akvakulturdrift i framtida treng difor ikkje vera avklart i samband med avsetting av areal til lokaliteter i kommunedelplanen. Kommunedelplanen skal stå seg over fleire år, og det er sær sannsynleg at det vil skje ei teknologiutvikling i næringa som endrar premissane for dei vurderingane som vert gjort i dag. Kommuneplanar er soleis ikkje eit spesielt egna verktøy for å regulere miljøpåverknad frå akvakultur.

Innanfor akvakulturforvaltninga må ein sjå på at det er etablert eit omfattande system innafor både tildeling og tilsyn som vil ivareta dei omsyn som kommunen særskilt er oppteken av. Det er og openbart at det er trond for spesialkompetanse innafor ei rad fagfelt for å kunne gjere dette arbeidet kunnskapsbasert. Når arealavklaringa er gjort i ein kommuneplan er det naturleg at ytterlegare detaljer vert vurdert etter særlovene.

Føresegna som berre gjaldt Skaftå var knytt til den konkrete miljøsituasjonen i indre del av Sørkjorden. Den nye føresegna gjeld denne lokaliteten, men også lokalitetar i ytre del av Sørkjorden og i Osterfjorden. I følge vassdirektivet er miljøtilstanden i Sørkjorden moderat, medan den i Osterfjorden er god. Innafor vassforekomsten Sørkjorden er det betre tilhøve i ytre del samanlikna med indre del.

Vi oppfattar at denne type føresegn i samband med første gangs høyring vart fremma med bakgrunn i miljø tilhøva i indre del av Sørkjorden. No vert det tildels brukt same grunngjevinga, men sidan dei same miljøtilhøva er mykje betre for fleire av dei nye akvakulturområda, er ikkje denne koplinga like sterk.

Det er kjent at det ikkje har lykkast verken Osterøy kommune eller fylkeskommunen å få ei avklaring med Kommunal- og moderniseringsdepartementet om grensesnittet mellom plan- og bygningslova og sektorloven. Det er soleis uklart kor langt kommunen kan gå i å gje denne typen føresegner. Det er imidlertid uttalt at kommunen ikkje kan gje føresegner som går på drifts- og næringsretta tilhøve som produksjonskapasitet, fiskevelferd, rømming og krav med omsyn til lakselus, der sektorstyresmaktene har tilsynsansvar.

Hordaland fylkeskommune er ikkje kjent med at andre kommunar i Norge har nytta føresegner til akvakulturområde som regulerer miljøpåverknad på denne måten.

Kommunen har sett av to nye akvakulturområde som vil opne for søknader etter akvakulturregelverket. Fjerning av føresegna er ikkje til hinder for etablering av anlegg med lukka teknologi. Det er soleis ikkje

trong for denne føresegna for oppfylla kommunen sitt ønske om å ta del i den vidare utviklinga av akvakulturnæringa med annan teknologi. Skal kommunen tiltrekke seg nyetablering innanfor akvakultur må ein ha ledig areal tilgjengeleg. Dette er nytt i høve til fyrste høyring av planen der det ikkje var ledige areal.

#### Utvida akvakulturområde ved Skaftå

Føresegna til det utvida akvakulturområde ved Skaftå er endra frå at dette ikkje kan takast i bruk før drifta på lokaliteten Blom er avvikla til at drifta på lokalitet Blom må vera avvikla seinast innan tre år etter at Skaftå område 2 er tatt i bruk.

#### Omsyn til kulturmiljøet ved lokaliteten Blom

For akvakulturområde ved Blom er det teke inn ei ny føresegn som seier at ved endringar eller utviding av anlegget skal det takast omsyn til kulturmiljøet i nærliggande område.

#### Ikkje tillete med tare og skjel ved Angelskår og Tepstad

For kombinerte føremålet i sjø og vassdrag er føremålet endra til å berre gjelde oppankringsområde for akvakulturanlegg. Ved fyrste gongshøyring var det også tillete med skjel og tare i dette området ved lokalitetane Angelskår og Tepstad. Det bør vurderast å ta inn att nemnde artar.

#### Omsynssone naturmiljø i indre del av Sørfjorden

For den indre delen av Sørfjorden ligg det inne ei omsynssone naturmiljø som seier: Det skal visast aktsemd med å opne for tiltak og aktivitet som kan påverke miljøtilstanden i resipienten negativt. Det bør ikkje opnast for nye tiltak som kan påverke miljøkvaliteten i resipienten negativt dersom miljøtilstanden i fjorden ligg i tilstandsklasse III eller lågare ihht. Vassforskrifta. Vi vil peike på at det denne omsynssona skal ivareta vert og ivareteke gjennom handsaming av søknad etter akvakulturreglerverket.

#### **Andre merknader**

##### Plassering akvakulturområda Angelskår og Tepstad

Akvakulturområda ved Angelskår og Tepstad er plassert 250 -350 meter frå land. Dette er grunngjeve med at det skal vera mogleg å ferdast med båt og fiske frå land. Andre akvakulturområde ligg nærmare land. Vi vil påpeike at hovuddelen av eksisterande plastriganlegg på begge lokalitetane ligg nærmare land og utafor framlegga til akvakulturområde. Vidare så vert det gjort omfattande lokalitetsvurderingar i høve til mellom anna vassutskifting, fiskens miljø, forankring som utfrå desse kriterie kan tilseie ei anna plassering. Slik vi ser det bør det gjerast ei ny vurdering av om desse akvakulturområda kan plasserast nærmare land.

##### Bruk og vern av sjø og vassdrag med tilhøyrande strandsone

Fylkeskommunen tilrådde ved fyrste gongs høyring av planen at det vart teke inn ei føresegn til fleirbruksområda utan akvakultur som sikra utlegging og endring av fortøyinger.

Dette er ikkje teke til følgje. I andre nyleg vedtekne kommunale arealplanar er det teken høgde for dette i føresegogene. Vi har erfart at dette har bidrige til færre dispensasjonssaker i samband med søknader om mindre endringar av fortøyinger frå eksisterande oppdrettsanlegg. Fylkesrådmannen tilrår difor at det bør takast inn ei føresegn som sikrar utlegging av fortøyinger i fleirbruksområde utan akvakultur.

#### **Planfagleg vurdering av akvakulturomsyn**

I Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging heiter det mellom anna at regjeringa forventar at: «Fylkeskommunene og kommunene sikrer tilstrekkelig areal til fiskeri- og havbruksnæringen i kystsoneplanleggingen, og avveier dette mot miljøhensyn og andre samfunnsinteresser». Det er rådmannen si oppfatning at kommunen med utgangspunkt i dei nasjonale forventningane til kommunal planlegging baserer sitt planforslag på prinsippa om berekraftig utvikling samstundes som dei skal legge til rette for tilstrekkeleg med areal for akvakultur.

Får å ivareta eit sårbart naturmiljø der ein samstundes legg til rette for vidare matproduksjon i sjø, er kommunen si vurdering at det må stillast andre miljøkrav til akvakulturlokalitetar i ny kommunedelplan. Ein mindre belastande miljøpåverknad frå akvakulturnæringa er heimla i plan- og bygningslovens § 11.9

Generelle bestemmelser til kommuneplanens arealdel: *Kommunen kan uavhengig av arealformål vedta bestemmelser til kommuneplanens arealdel om: (...) pkt.6: miljøkvalitet, estetikk, natur, landskap og grønnstruktur, herunder om midlertidige og flyttbare konstruksjoner.*

Fylkesrådmannen tek utgangspunkt i at planlegging skal fremja berekraftig utvikling. Osterøy kommune tek sitt planansvar gjennom kommunedelplanen for å sikre miljømessig berekraft i sjøområda.

Å setje krav til miljøtilstand gjennom plan- og bygningslova for eksisterande akvakulturverksemd er krevjande, og sektorloververket er betre eigna til dette. Fylkesrådmannen meiner difor til at føresegner om miljøtilstand i sjø for akvakultur på dei eksisterande lokalitetane Blom og Skaftå må takast ut av planen. Det vert rådd til motsegn på dette punktet.

Vidare er det og vesentleg å understreke at kommunen jf. Plan- og bygningslova §§ 12.1 har heimel til å krevje reguleringsplan; «*For gjennomføring av større bygge- og anleggstiltak og andre tiltak som kan få vesentlige virkninger for miljø og samfunn, kreves det reguleringsplan*». Kommunen kan med bakgrunn i Plan- og bygningslova velje å krevje reguleringsplan for nye akvakulturanlegg, særleg aktuelt ved fleir bruk og vern i høve til private og offentlege interesser. Krav om reguleringsplan er eit planfagleg verktøy som kommunen kan nytte når dei meiner det er relevant.

### **Oppsummering Akvakultur**

Fylkesrådmannen har vurdert planframlegget frå både eit akvakulturfagleg og planfagleg ståsted.

Det er rådmannen si oppfatning at kommunen med utgangspunkt i dei nasjonale forventningane til kommunal planlegging baserer sitt planforslag på prinsippa om berekraftig utvikling samstundes som dei skal legge til rette for tilstrekkeleg med areal for akvakultur. Får å ivareta eit sårbart naturmiljø der ein samstundes legg til rette for vidare matproduksjon i sjø, er kommunen si vurdering at det må stillast andre miljøkrav til akvakulturlokalitetar i ny kommunedelplan. Fylkesrådmannen tek utgangspunkt i at planlegging skal fremja berekraftig utvikling. Osterøy kommune tek sitt planansvar gjennom kommunedelplanen for å sikre miljømessig berekraft i sjøområda.

Det er knytt motsegn til forslag om føresegn for dei eksisterande akvakulturområda Skaftå og Blom som seier at det skal vera minimalt til ingen utslepp av organiske partiklar til resipienten. I tillegg er det særlege akvakulturfaglege merknader knytt til ny vurdering av reguleringsplankrav for akvakulturlokalitetar og føresegn til fleirbruksområde utanfor akvakulturområda.

### **3.4 Kulturminne og kulturmiljø**

#### **Gjennomgang av motsegnspunkt på 1. gongs høyring**

Hordaland fylkeskommune hadde følgjande motsegn og merknader i høve kulturminne og kulturmiljø ved 1. gongs høyring av kommunedelplan for sjø og strandsone i Osterøy:

*Utval for kultur, idrett og regional utvikling meiner at forslag til kommunedelplan for sjø- og strandsone er i strid med nasjonale og regionale kulturminneverdiar når det gjeld utviding av Hosanger kyrkjegard.*

*Forslag til arealbruk må takast ut av planen eller endrast for å betre sikre nasjonale og regionale kulturminneinteresser. Forslaget må endrast til ein arealbruk som ikkje er i strid med kulturminnelova. Det er knytt motsegn til dette punktet.*

*Utval for kultur, idrett og regional utvikling har særlege merknader når det gjeld kulturminne:*

*I. Generelle føresegner for omsynsoner H570 og H730 vist i saksframlegget vert tatt inn i planframlegget ved endeleg godkjenning.*

*II. Hordaland fylkeskommune viser til at undersøkingsplikta etter § 9 i kulturminneloven ikkje er oppfylt. Tiltak i samband med utarbeiding av reguleringsplan eller ved søknad om tiltak må dette vera avklart jf kulturminnelova. Dersom det vert avdekt konflikt med automatisk freda kulturminne, må tiltak justerast eller eventuelt leggast fram for Riksantikvaren som rette dispensasjonsmynde.*

*III. Omsynssona for Hosanger kyrkjested (H570\_6) og bygningsmiljøet i Mjøsvågen (H570\_75) bør regulerast til ei samla omsynssone med føremål vern.*

*IV. Kulturmiljøfredinga av Havråtunet er sårbar for tiltak i nærmiljøet. Hordaland fylkeskommune ser det som positivt at planen opnar for at oppdrettsanlegget på Blom vert flytta. Ei utviding av akvakultur på Blom vil derimot verka negativt inn på kulturmiljøet.*

Det er positivt at arealføremål GP1 (utviding av Hosanger kyrkjegard) som det tidligare var knytt motsegn til, no er regulert til grønstruktur og park.

#### **Generelle kommentarar**

Fylkesrådmannen viser til tidligare uttale i saka, der vi mellom anna har uttalt at kulturminneinteressene langt på veg vert godt ivaretake i planen. Vi ønskjer likevel å peike på at planarbeidet som no er på 2. gongs høyring er noko mangelfull med omsyn til kulturminneinteressene når det gjeld planskildring, plankart, føresegner og konsekvensutgreiing.

Når det gjeld sjølve føremålet med planen ber fylkesrådmannen om at ein får inn at:

«Planen skal sikre innbyggjarar og andre tilgang til sjø, viktige natur- og kulturminneverdiar og ivareta moglegheit for næringsutvikling».

Det er positivt at kommunen prioriterer teknisk-industrielle kulturminne og kyrkjestedader i dette planarbeidet, då desse har sterkt knytt til strandsona og forvalting av denne. Meir detaljerte skildringar og vurderingar av kulturminne skal gjennomførast som del av arbeidet med kommunedelplan for kulturminne. Når det gjeld føresegner, ber vi om at ein i dei generelle føresegnerne, nr. 1.16 får inn at: «Verneverdige bygningar skal ikkje rivast».

Fylkesrådmannen gjer merksam på at det ikkje er samsvar med merking av omsynssone kulturmiljø H570 i plankart og planskildring.

#### **Konflikt med nasjonale og regionale kulturminneinteresser**

1. Arealføremål BAB10 og BAB9 i kommunedelplankart - Forslag til naust og brygge på Hamre




Fig. 1 Arealføremål BAB10 og BAB9 i kommunedelplankart - Forslag til naust og bryggje på Hamre

Fig. 2. Raud strek viser avgrensinga då Hamre var hovudkyrkje for heile Nordhordland i mellomalderen. Namna på prestegjelda i 1837 er og ført inn på kartet. Kartet er henta frå Osterøy bygdebok frå 2007.



Hordaland fylkeskommune viser til at kyrkjegarden fra mellomalderen og noverande Hamre kyrke fra omkring 1580-talet er automatisk freda. Kyrkja og kyrkja sine omgjevnadar har difor regional og nasjonal kulturminneverdi.

Hamre kyrkjested er ved 2. gongs høyring vist med omsynssone H570\_14 i plankartet. Osterøy kommune har etter innspel frå Hordaland fylkeskommune utvida omsynssona rundt Hamre kyrkjested, slik at prestegarden, prestegardsnaustet og kyrkjakaien inngår i omsynssona. H570\_14 Kyrkje, gravlund og kai Hamre.

Hordaland fylkeskommune viser til vår merknad ved 1. gongs høyring. Hordaland fylkeskommune hadde merknad i forhold til at KU var mangelfull, jf. pkt. 32 i tabell «Vi er kjent med at det i dette naustområde er eit eldre naust som er det opphavelege prestegardsnaustet. Konsekvensutgreiinga er difor ikkje dekkande på dette punktet. Dette naustet og prestegarden bør inngå i omsynssone saman med Hamre Kyrkjested.»

Hordaland fylkeskommune har synfart området og sett nærmere på prestegardsnaustet som er ein del av kulturmiljøet omkring Hamre kyrke. Delar av naustet kan vere eldre enn 1650 og andre delar frå 1700 og 1800-talet. Naustet vart mest sannsynleg flytta, då parken vart anlagt på 1930-talet. Det ligg fleire gamle båtar i naustet, mellom anna den gamle kyrkjebåten som Museumssenteret i Hordaland, avd. Osterøy museum eig. Kommunen har vald Kyrkjesteden Hamre som Osterøy sin Tusenårstad, og det er i den samanheng planta eit tusenårstre i området der det er ynskje om å tilrettelegge for nye naust. Strandsona mellom prestegardsnaustet og parken, som i gjeldande kommuneplan er avsett til friområde og LNF, for å sikre dette området og landskapsrommet kring kyrkjesteden Hamre. Fylkesrådmannen ber om at området som er avsett til arealføremål o\_VFR4, arealføremål *Friluftsområde i sjø og vassdrag*, vert endra til arealføremål *Grønstruktur*, jf. PBL § 11-7, nr. 3, då dette området er ein park for ålmenta som vart lagt til rette på 1930-talet. Sjølv teksten i føresegna treng ikkje endrast.



Figur 3. Kart syner mellomalderkyrkjegården og kyrkje på Hamre som er automatisk freda. Forslag til nytt naustområde er planlagd mellom kyrkjekaien og eksisterande naust.

Tiltaket er i strid kommunen sine eige føringar for planarbeidet og som er utarbeida saman med den politiske arbeidsgruppa. Under vurderingskriterier og målsettingar som skal leggast til grunn for arbeidet med planen står det: «*Det skal ikke opnast for ny utbygging i strandzone med store verdia*».

Hordaland fylkeskommune viser og til 4.3 Kulturminne i planskildringa, der kommunen uttaler at det er lagt særleg vekt på kyrkestadene som kulturminneområde. «*Kulturmiljøa har stor lokalhistorisk betydning og det er derfor viktig å ta vare på miljøet rundt kyrkjene for i framtida å kunne lese og forstå denne konteksten. Samstundes er det også viktig å ta særleg hensyn til landskapsrommet rundt kyrkjene for at ikke kulturminnet i seg sjølv skal reduserast i verdi. I framlegg til plan er det lagt på omsynsone for bevaring kulturmiljø (570) i områda rundt kyrkjene inkludert strandsona.*

Kommunen legg til rette for tiltak som er i konflikt med egne føringar. Området er særleg sårbart for inngrep. Etablering av nye naustbygg og bryggje er for det samla kulturmiljøet særleg skjemmande. Forslaget om nytt naustområde ligg innafor omsynssone kulturmiljø H570\_14 Kyrkje, gravlund og kai Hamre.

Fylkesrådmannen viser elles til Riksantikvaren si fråsegn til planen datert 16.05.2017:

*«Ved Hamre kyrkje er eit areal ved den gamle kyrkjekaien foreslått regulert til felles naustområde, BAB9 og BAB10, bygg/anlegg. Delar av areal et ligg innanfor omsynssona som mellomalderkyrkjestaden inngår i, H570 - 14. Vi er kjent med at Hordaland fylkeskommune vurderer å gå til motsegn mot arealformålet BAB9 og BAB10 som ligg innanfor omsynssona , på bakgrunn av tap av kulturhistoriske verdiar av omgjevnadane til prestegarden som følgje av arealbruken. Riksantikvaren støtter denne vurderinga, og vi vurderer det slik at Hamre kyrkje og kyrkjegard frå mellomalderen inngår i eit samanhengande kulturmiljø saman med prestegarden, og området der det er planlagd felles naustområde inngår som ein del av den samanhengen kyrkja inngår i.»*

## 2. Omsynssone H730 for mellomalderkyrkjestadene Hosanger, Hamre, Haus og Bruvik.

Avgrensing for omsynssone H730 i plankartet er ikke korrekt for mellomalderkyrkjestadene Hosanger, Hamre, Haus og Bruvik. Dette må rettes opp slik at avgrensing for H730 i plankart samsvarer med geometri i den nasjonale kulturminnedenes Askeladden. Hordaland fylkeskommune gjorde kommunen merksam på dette ved 1. gongs høyring.

Riksantikvaren har gjeve innspel som kulturminnemynde for automatisk freda kyrkjer og kyrkjestadar frå mellomalderen etter kml. §§ 8 og 9:

«*Omsynssona for H730 for kyrkjestadene i plankartet må rettast opp og vi ber Hordaland fylkeskommune fremje motsegn til planen inntil dette er utført.*»

### Særlege kulturminnefaglege merknader

#### I. Sentrumsformål Fotlandsvågen – Arealføremål BS 1 i plankart

Hordaland fylkeskommune hadde motsegn til reguleringsplanforslag som var på offentleg ettersyn i 2011 som enno ikke er løyst. Fylkesrådmannen har ikke merknad arealføremålet, men ber om at det vert stilt krav om ein samla reguleringsplan for Fotlandsvåg.

#### II. Småbåtanlegg Fotlandsvågen Arealføremål VS2 i plankart

Det er vurdert 4 nye alternativ for lokalisering av småbåthamn. Småbåthamna er lokalisert på alternativ 1 fordi det er ynskje å lage ei kompakt småbåthamn innerst i vågen med gjestehamn nærmest mogleg sentrum. Fylkesrådmannen meiner at alternativ 1 har særleg negative konsekvensar for landskap og kulturmiljø, då den indre vågen vert beslaglagt med småbåthamn. Det har vore diskutert på møter og synfaringar ulike løysingar knytt til alternativ 2 og 3, som vil gje mindre negativ konsekvens for landskap og kulturmiljø. Fylkesrådmannen ber om kommunen arbeider vidare med desse alternativa.

#### III. Akvakultur på Blom – Arealføremål VA3 i plankart

Akvakulturanlegget på Blom er teke inn i planen att, ettersom det ikke er funnet erstatningsareal for denne lokaliteten. Gjennom planarbeidet har Museumssenteret i Hordaland og Hordaland fylkeskommune peika på at oppdrettsanlegget på Blom er visuelt skjemmande for det freda kulturmiljøet på Havrå. Fylkesrådmannen hadde særlege merknader til forslaget om utviding av akvakultur på Blom ved 1. gongs høyring. Vi er positiv til at kommunen ikke legg til rette for vidring av akvakulturanlegget.

Fylkesrådmannen ynskjer utvida omsynssone for Havrå. Ein eigen forvaltingsplan for Havrå er under revisjon. Det vert naturleg at ein i samband med revisjon av planen inkluderer nausta i Blomvågen i med kulturmiljøet på Havrå. Vidare avgrensing av omsynssone og verdivurdering vil komme i samband med kulturminneplanarbeidet i kommunen.

Fylkesrådmannen ber om at føresegner 6.12 vert endra til:

«Anlegget på Blom skal ta særleg omsyn til kulturmiljøet og nærliggande område (PBL §11-9, nr.6)»

#### IV. Naust ved Hosanger kyrkjestad – Arealføremål BAB30 i plankart

Det er i planen tilrådd utviding av naustområde med eit naust. Området ligg innafor omsynssone kulturmiljø og ligg tett på Hosanger kyrkjestad og mellomalderkyrkjegarden. Fylkesrådmannen er negativ til etablering av nytt naust då dette kan verke skjemmande på kulturmiljøet. Det er viktig at det vert knytt til seg antikvarisk kompetanse og detaljerte krav for tilrettelegging av naust i dette området, som tek omsyn til kulturmiljøet.

Hordaland fylkeskommune er særleg negativ til forslag om tilrettelegging av bryggeområde framfor nausta ved Hosanger kyrkjested. Vi er positiv til at kommunen rår i frå flytebrygge, då dette tiltaket vil få stor negativ konsekvens for regionale og nasjonale kulturminneinteresser. Dersom dette vert teke inn i planen vil Hordaland fylkeskommune ta etterhald om retten til å fremje motsegn.

## Kulturminnerefleksjoner knytt til omsynssoner vern H730 og H570

### *Omsynssone H730*

Dei automatisk freda kulturminna innafor avgrensing av funksjonell strandsone er med på plankartet. Vi ser det som positivt at kulturminne bandlagt med omsynssone H730 i sjø- og strandsona er sikra med omsynssone H570, eit bufferareal på 10 meter. I område der tiltak kjem i nærføring med automatisk freda kulturminne vil vi i samråd med kommunen sette nytt areal for omsynssone H570. Omsynssonene må då vurderas i kvart enkelt tilfelle ut frå landskap og topografi.

### *Omsynssone H730\_3 og H570\_7 – gravrøys Hoshovd*

Hordaland fylkeskommune har merknader til *Omsynssone friluftsliv H530\_1 Hoshovdknappen*.

Det ligg ei automatisk freda gravrøys med Askeladden id. 55246 innafor omsynssone friluftsliv markert som H530\_1 i plankart. Nye tiltak i dette området må ta omsyn til kulturminnet og sendast til Hordaland fylkeskommune for vurdering. I samband med etablering av friluftsområde bør det utarbeidas en skjøtselsplan for kulturminne og gjerast tilrettelegging av kulturminnet. Ta kontakt med Hordaland fylkeskommune for meir informasjon.

### *Omsynssone i Hosanger*

Det er særleg positivt at omsynssone H570\_6 Hosanger kyrkjested i plankart er blitt utvida til å gjelde større delar av området rundt kyrkja i Mjøsvågen. Vi er også positiv til at omsynssone H570\_75 for bygningsmiljøet i Mjøsvågen er utvida, slik at den dekker indre del av Mjøsvågen. Hosanger kyrkjested og Mjøsvågen er best tent med å bli teke vare på som eit heilsakleg kulturmiljø med stor tidsdjupne.

## Merknader til konsekvensutgreiinga (KU)

Hordaland fylkeskommune viser til at det er gjort eit omfattande arbeid i samband med planprosessen, men meiner at konsekvensutgreiinga er mangefull med omsyn til kulturminneinteressene. Nokre av arealendringane som er føreslått i KU vil verka negativt inn på kulturminne.

Hordaland fylkeskommune har ikkje gjennomført arkeologiske registreringar i kommunedelplanen sine areal for sjø- og strandsone. Det er fleire av områda som har potensial for funn frå forhistorisk tid. Undersøkingsplikt etter § 9 i kulturminnelova skal oppfyllast i samband med utarbeiding av reguleringsplan eller ved søknad om tiltak, dette gjeld både land- og sjøareal. Tiltak i samband med utlegging av friluftsområde kan og bli omfatta av § 9 i kulturminnelova.

Hordaland fylkeskommune har gått igjennom arealføremål som er vurdert i konsekvensutgreiinga. Vi har merknader til nokre av dei tilrådde arealføremåla jf. nasjonale retningslinjer.

## KLEIVELAND – KLEPPSVÅGEN

### *1. Friluftsområde Kleiveland – Arealføremål VFR9 i plankart*

Her er det fire naust som er SEFRAK-registrert og her ligg den gamle dampskipskaien. Dette er regionalt viktig kulturmiljø som må det må takast omsyn til ved tilrettelegging av friluftsområde og kai. Tre av nausta er frå 1800-talet. Det er viktig at det blir spesifisert kva tiltak som kan tillatast med tanke på sikring av den gamle dampskipskaien og naustområde som kulturmiljø.

### *5. Naust og kai Kleppsvågen – Arealføremål BAB39 i plankart*

Her er det eit eldre naustmiljø med fire SEFRAK-registrerte naust frå 1800-talet. Utviding av eksisterande naustområde må ta omsyn til dette heilsakelege kulturmiljøet og lokal byggjeskikk.

## FOTLANDSVÅGEN

### 18. Naust Fotlandsråg – Arealføremål BAB32 og BAB33

Det vert opna opp for 2 nye naust og felles bryggje. I konsekvensutgreiing står det at det er ingen kjende kulturminne her, men naustet som ligg her er SEFRAK-registrert og er meldepliktig, jf. kml § 25, då det er eldre enn 1850. Utviding av eksisterande naustområde må ta omsyn til dette heilsapelege kulturmiljøet og lokal byggjeskikk.

## HOSANGER

### 24. Friluftsområde Hosanger – Arealføremål o\_GF4 i plankart

Det er positivt at området blir regulert til friluftsområde, men det er viktig å presisere at planen ikkje opnar opp for nye tiltak. Det må vere føringar for bruk av open eld ved kyrkja. Området grenser til den freda mellomalderkyrkjegarden.

### 26. Friluftsområde Hosanger – Arealføremål GG1 i plankart

Vi ser positivt på ivaretaking av den gamle kyrkjevegen. Når det gjeld tilrettelegging for universell utforma gangveg, må tiltaket ta omsyn til kulturminneinteressene.

### 30. Fritidsbustad, småbåthamn og friluftsområde- Hoshovde – Arealføremål H810\_1 og f\_BKB2 i plankart

Eit automatisk freda kulturminne, ei gravrøys med Askeladden id 55247, ligg innafor området vist som H810\_1 i plankart. Forslag om naustområde like sør for automatisk freda gravrøys kan vere utilbørleg skjemmande for kulturminnelova. Vi stiller oss difor positiv til at dette forslaget ikkje er tilrådd. Vi er og negativ til utfylling til Heldalsholmen er eit stort inngrep i landskapet. Forslag til arealføremål f\_BKB2 Kombinert føremål bygg og anlegg kan ha ei skjemmande påverking på det nærliggande landskapet til gravrøysa. Det er positivt at planen skal vurdere storleik og lokalisering til småbåthamn slik at konsekvensane vert minst mogleg negative. Vi vil tilrå ei større omsynssone H570 rundt det freda gravminne i samband med reguleringsplan for området. Undersøkingsplikta etter §9 må oppfyllast i samband med utarbeidning av reguleringsplan.

## HAMRE

### 58 Kai Hamre – opprustning av eksisterande kai – Arealføremål friluftsområde i sjø og vassdrag, o\_VER4

Det er ynskje om å ruste opp eksisterande kirkekai for å nytte den til større fartøy, som turistbåter. Vi er positiv til areal nr. 1, samferdsle og teknisk infrastruktur, kai, men det er viktig at det er antikvariske føringar for tiltaket som sikrar at kaien får gode kvalitetar og at tiltaket tar omsyn til kyrkjestaden sine omgjevnadar. Tiltaket ligg innafor omsynssone kulturmiljø H570\_14.

## BRUVIK

### 70. Utviding av Bruvik kyrkjegard – Arealføremål G4

Det er kome innspel om å utvide eksisterande kyrkjegard på Bruvik. Det aktuelle arealet for utviding er gamalt jordbruksland og delvis parkeringsplass. Utviding av eksisterande kyrkjegard på Bruvik må vise til alternativ kapasitet for parkering for Bruvik kyrkje før ein tek ut delar av eksisterande parkeringsplass til ny gravplass. Det må utarbeidas ein reguleringsplan der utviding med parkeringsplass tar omsyn til kulturminneverdiane. Dersom reguleringsplanen er i direkte konflikt den automatisk freda kyrkjestaden eller er utilbørleg skjemmande vil Riksantikvaren ta atterhald om retten til å fremme motsegn.

### 71. Kyrkjekaien Bruvik – Arealføremål o\_VER1

Det er positivt at området blir regulert til friluftsområde, men det er viktig å presiserer at planen ikkje må opne opp for nye tiltak. Det må vere føringar for bruk av open eld ved kyrkja. Området grensar til den freda mellomalderkyrkjegarden. Hordaland fylkeskommune må slik få alle saker til vurdering.

### 72. Kai og flytebrygge Bruvik- Arealføremål f\_BAB4

Vi støtter kommunen sitt forslag om å rydde opp i eksisterande situasjon.

Då planen omfattar områder i sjø, har saka vore til vurdering ved Bergens Sjøfartsmuseum. Vi har ikkje motteke fråsegn frå Bergens Sjøfartsmuseum på dette tidspunkt, og brevet vert difor ettersendt.

## 4. Oppsummering

Fylkeskommunen si fråsegn til 2. gongs høyring viser til tidlegare uttale i saka. Det har vore særleg interesse knytt til akvakulturinteresser og kulturminneinteresser gjennom heile planprosessen.

Osterøy kommune gjer gjennom sitt forslag til kommunedelplan for sjø- og strandsone ein grundig gjennomgang av sine sjø- og sjønære areal. Gjennom planforslaget vert det tydeleg at arealet knytt til strandsona er attraktive for både utbygging og allmenn ferdsel og fritidsbruk. Det er vår meining at planforslaget balanserer utfordringar og moglegheiter med vidare utvikling av strandsona i kommunen på ein god måte. Kommunen har gått grundig til verks i sin utarbeiding av planforslaget, og fylkesrådmannen meiner det er eit godt fagleg fundert planforslag.

Generelt meiner vi at kommunen i sitt planforslag i hovudsak har lagt landskapsverdiar tydeleg til vekt i vurdering av innspeil til kommunedelplanen. Der konsekvensutgreiinga synleggjør at tiltak kan gje negative konsekvensar for landskap, er landskapsinteressene vekta opp mot andre samfunns- og naturinteresser på ein god måte, som fylkeskommunen i all hovudsak er samd med. Fylkesrådmannen ønskjer likevel å trekke frem eit forslag til tiltak som vi rår til at vert endra før endeleg vedtak Dette gjeld for småbåthamn og gjestehamn i Fotlandsvåg. Fylkesrådmannen si oppmoding er å skilje småbåthamn og gjestehamn, der gjestehamn kan lokaliserast nær sentrum, medan småbåthamna vert flytta lenger ut der den er i mindre konflikt med landskap og kulturmiljø.

Å legge til rette for ei berekraftig havbruksnæring er ei viktig forvalningsoppgåve for Hordaland fylkeskommune. Fylkesrådmannen har vurdert planframlegget frå både eit akvakulturfagleg og planfagleg ståsted. Det er rådmannen si oppfatning at kommunen med utgangspunkt i dei nasjonale forventningane til kommunal planlegging baserer sitt planforslag på prinsippa om berekraftig utvikling samstundes som dei skal legge til rette for tilstrekkeleg med areal for akvakultur. Føresegna om at det skal vera minimalt til ingen utslepp av organiske partiklar til recipienten er utfordrande ut ifrå sektorlovverket og plan- og bygningslova. Særlig krevjande er dette i høve til eksisterande verksemder. Det er difor rådd til motsegn til føresegna knytt til dei eksisterande akvakulturområda Skaftå og Blom. I tillegg er det akvakulturfaglege merknader knytt til ny vurdering av reguleringsplankrav for akvakulturlokalitetar og føresegner til fleirbruksområde utanfor akvakulturområda.

Fylkesrådmannen viser til tidligare uttale i saka, der vi mellom anna har uttalt at kulturminneinteressene langt på veg vert godt ivaretake i planen. Vi ønskjer likevel å peike på at planarbeidet som no er på 2. gongs høyring, er noko mangefull med omsyn til kulturminneinteressene når det gjeld planskildring, plankart, føresegner og konsekvensutgreiing.

Når det gjeld sjølve føremålet med planen ber fylkesrådmannen om at ein får inn at: «Planen skal sikre innbyggjarar og andre tilgang til sjø, viktige natur- og kulturminneverdiar og ivareta moglegheit for næringsetvikling».

Det er positivt at kommunen prioriterer teknisk-industrielle kulturminne og kyrkjestedar i dette planarbeidet, då desse er sterkt knytt til strandsona og forvalting av denne. Meir detaljerte skildringar og vurderingar av kulturminne skal gjennomførast som del av arbeidet med kommunedelplan for kulturminne. Når det gjeld føresegndene, ber vi om at ein i dei generelle føresegndene, nr. 1.16 får inn at: «Verneverdige bygningar skal ikkje rivast».

Etablering av naustområde i omsynssona knytt til Hamre kyrke er i strid med nasjonale og regionale kulturminneverdiar, og det vert rådd til motsegn på dette punktet. Avgrensing av omsynssone H730 i

plankartet er ikke korrekt for mellomalderkyrkjestadene Hosanger, Hamre, Haus og Bruvik. Dette må rettes opp slik at avgrensing av omsynssona i plankartet samsvarer med den nasjonale kulturminnedenbasen Askeladden. Det vert rådd til motsegn til dette punktet.

Elles er det knytt særlege kulturminnefaglege merknader til følgjande tiltaksforslag; sentrumsføremål i Fotlandsvåg, småbåthamn i Fotlandsvåg, Akvakulturanlegg på Blom og naust ved Hosanger kyrkjestad.